



Dok.dato: 05.01.2009

Vår Ref: 07/2050-3

KOMMUNAL NÆRINGSPRIS - ÅRETS BEDRIFT I GISKE - ENDELEGE REGLAR FOR TILDELING

1. Pris:

Giske kommune og Giske Næringslag har oppretta ein pris for årets bedrift i Giske. Prisen bør delast ut kvart år, men juryen kan avgjere om prisen i eit enkelt år ikkje skal delast ut.

Prisen skal løfte fram bedrifter eller verksemder i Giske som har utmerka seg siste året i kommunen.

2. Utforming:

Det synlege bevis på prisen er eit kunstverk utforma av ein kunstnar i Giske, samt eit diplom.

3. Kandidatar:

Personar, bedrifter og organisasjonar heimehørande i Giske kan kome med framlegg på aktuelle kandidatar til Årets bedrift i Giske. Framlegg skal sendast til næringskontoret, Giske kommune, rådhuset, 6050 Valderøya, som utarbeider innstilling før vedtak.

4. Jury:

Juryen gjer vedtak om tildeling av pris til Årets bedrift i Giske. Juryen består av 2 representantar frå Giske næringsutval, 2 representantar frå Komite for miljø- og kultursaker og 2 representantar frå Giske Næringslag. Nærings sjefen er sekretær for juryen.

Prisen vert delt ut av ordføraren i samband med Giske næringslag sitt årsmøte.

5. Kriteria:

Tildeling av prisen Årets Bedrift i Giske skal vurderast etter følgjande kriteria:

- Vanleg bedriftsøkonomisk vurdering
- Organisasjon, personalpolitikk og bedriftsleiing
- Profilerings – bedrifta si miljøprofil vil her vere viktig
- Framtidsretta og miljøvenleg produksjon og produksjonsutstyr
- Produktutvikling og marknadsføring
- Satsing på nye og miljøvenlege produkt/ tenester
- Kva bedrifta har å seie for lokalsamfunnet
- Trivsel og godt miljø på arbeidsplassen

Juryen kan avgjere om prisen i eit enkelt år ikkje skal delast ut.

JFR. K.STYRE 29.01.08 I K.SAK 016/08.